

Flytebrygge ved gnr. 168, bnr. 16 ved fergekaaien. Ny handsaming
SAKSNR. 012/21
KLAGE

Vi viser til vedtak i formannskapet 09.02.21. Klagefristen gjeld frå før ein har fått svar på korleis Statens vegvesen stiller seg til skilting på fergekaaien om fortøying forbudt.

Vi kan ikkje sei frå oss den tinglyste retten til å fortøya ein 50 fots båt mot eit skilt som ikkje er juridisk bindande og sikrar oss fortøyningsretten også i framtida.

Vi ber om at alle dokument og bilder frå 2014 til i dag, følgjer saka.

Vi viser til Fylkesmannen si handsaming av saka, ref. 2020/2840.

Fylkesmannen skriv:

«Tilflottsretten er en viktig del av den ulovfestede strandretten.

Det følger av Pbl §29-4 at "byggverkets plassering", herunder høydeplassering og byggverkets høyde skal godkjennes av kommunen

Ved denne vurderingen skal det blant annet tas hensyn til naboulempen. Hindringer for ferdsel til sjøs og tilgjengeligheten for naboeiendommer er saklige hensyn i vurderingen som skal gjøres etter Pbl. §29-4 om plassering av tiltak i sjø».

Vurderinga som kommunen no har gjort er:

"Eg vurderer det slik at det ikkje er åpenbart at tilflottsretten vert krenka. Då er det ikkje grunnlag for å kunna avvise søknaden med grunngjeving om at flytebrygga og forankringa er til hinder for tilflottsretten."

Det framkjem ingen grunngjeving for kva ein har lagt til grunn når ein har konkludert med at det ikkje er åpenbart at tilflottsretten vert krenka.

Det står i saksutgreiinga at det er 11 meter frå flytebrygga til piren. Det ligg til tider store båtar på innsida av piren, då er det ikkje 11 meter for tilflott for området innanfor, men under halvparten. Desse situasjonane og den nye flytebrygga sin verknad på tilflottsmulighetane og tilflottsretten for eigedommane innanfor er ikkje drøfta i saksutgreiing.

I saksutgreiinga er det berre ein konklusjon, ikkje drøfting og ikkje vist at det er teke omsyn til alle faktiske forhold.

Fylkesmannen skriv:

"Kommunen har ved sin behandling av søknaden vist til at det ikke er hjemmel til å avslå søknaden."

Då kommunen vurderte at ein ikkje kunne avslå søknaden i handsaming av saka i 2019, kunne dei sjå at båten som låg fortøydd på innsida av fergekaaien hindrar Wiken sin rett.

Tiltakshavar ytra også i skriv av 25.10.19 at: *"Når det ligger «fremmede» båter fortøyd til fergepir vil de muligens skape problemer for tilkomst til 168/28."*

Når Fylkesmannen har oppheva det kommunale vedtaket, og viser til Pbl. §29-4 og at m.a. tilfotten skal vurderast, hevdar både Fedje kommune og eigar av 168/16 at det ikkje er problem med tilflott. Søkjar meiner i skriv av 15.01.21: «(foto viser ikke det sanne bildet: brygge og båt ligger innbyrdes godt forskjøvet i N/V retning)».

Flytebrygga vart lagt ut i august 2019, før søknaden var handsama i kommunen og medan båten "Teri" framleis låg ved kai. Dette gav oss høve til å dokumentera kor trang innseglinga er med både båt ved fergekaien og flytebrygge. Vi har ikkje bilde av flytebrygga med båt.

Det er oppgitt i saksutgreiinga at det er 11 meter mellom fergekai og flytebrygge.

På innsida av fergekaien ligg det fendrar som gjer opninga smalare. Ytterst på kaien måler desse 55 cm. Fendrane avset merker/farge på båt, så det vert ofte nytta blåser mellom båt og fendrar.

Båten "Teri" som låg ved kai store delar av 2019 er 42 fot lang og 6 meter breid. Ein ordinær 50 fots båt som vist på vedlagde bilde er 5 meter breid. Det er ikkje mulig å snu ein slik båt på innsida av piren.

Båten må bakka ut. Med ein 50 fots båt med 5 meters breidde, er det ikkje mulig å koma ut når det ligg båt på innsida av kaien og flytebrygge med båt på motsatt side.

Eigar av gnr. 168 bnr. 16 har ein båt liggjande ved fiskerikaien på eigedommen sin. Sjå vedlagde bilde. Den er lengre enn flytebrygga. Dersom denne båten, eller andre båtar vert liggjande ved flytebrygga, vil dette redusera opninga ytterlegare. Det at det ligg båtar ved flytebrygga er ein naturleg del av føremålet med flytebrygge. Kommunen må då ta med dette, og dei innsnevringane dette gjer i passasjen og tilflottsmulighetene for naboeigedomane, i sine vurderingar.

Det er ikkje sett begrensninger på båtstørrelse ved flytebrygge.

Vi viser og til Bergen og omland havnevesen sitt vedtak i 2014:

"Tiltaket eller bruken av dette må ikkje hindre tilflott eller annen utnyttelse av naboeiendommer."

Vi har merka oss at i den nye søknaden datert 8. desember 2020, er flytebrygga flytta lenger sør enn forrige søknad. Dette inneber at innsnevring av tilflotten startar tidlegare.

Vår meining er at det er åpenbart at tilflotten vert hindra av dette tiltaket som omfattar flytebrygge, forankring og båt/båtar ved flytebrygga. Med ein 50 fots båt som er 5 meter breid, fendrar på innsida av kaien og ein 6 meter breid båt ved fergekaien og båt i flytebrygga, er det ikkje fysisk mulig å koma ut.

Vi viser og til vedtaket frå formannskapet, der det blei teke inn eit punkt om at administrasjonen skal ta kontakt med Statens vegvesen for å be om å få satt opp skilt på piren – om at det ikkje er lov til å fortøya båtar der. Dette er i seg sjølv eit klart signal om at tilflottsretten vert hindra ved utlegging av flytebrygga. Formannskapetets «løysing» på dette er ikkje i tråd med plan- og bygningslova, og gir ikkje ei løysing for dei naboane som får ein sterk reduksjon av sin tilflottsmulighet.

Konklusjon

Vi ber om at vedtaket vert omgjort, slik at det ikkje vert gitt løyve til flytebrygge etter søknaden. Det er ikkje heimel til løyve i saka, då det strir mot reglane om «byggverkets plassering» i høve til naboane sin tilflottsrett, jf. Pbl § 29-4 (og eigentleg også § 21-6).

Utsetjing av gjennomføring

Vi ber om utsetjing av gjennomføring av vedtaket til klagen er avgjort, jf. Fvl. § 42.

Med helsing

Arent Wiken

A handwritten signature in black ink, reading "Arent Wiken". The signature is written in a cursive style with a long horizontal stroke at the end.

Vedlagt:

1 bilde av ein 5 meter breid 50 fots båt

1 bilde over innløpet med flytebrygge og båt fortøydd til fiskerikai som gnr 168 bnr 16 eig